



Paradebilete av Gretzky etter vinnarløpet på Bjerke.

Trude Helen Døssland og Thomas Pettersen er saman med tre venepar eigarar av higsten Gretzky BR. Etter lang trening og store investeringar gav løpet på Bjerke sist helg ei inntekt på 2 mill. kroner. Før har den same hesten vore i løp med inntekter på kr. 500.000,-. Trude Helen og Thomas har drive med hest i nær på 20 år i Skrukkelia i Hurdal.

På det meste hadde dei seks hestar på Stall Dølerud, nokre eigne hestar og nokre i trening for andre. Trude Helen fekk dårleg helse. Dei valde å selja travutstyret til broren Roy. Saman med tre venepar kjøpte dei så higsten Gretzky BR. Det var ein kostbar hest. Higsten vart innkøyrd i Sverige og har vore trent av profesjonell trenar i Nittedal, på Stall GV Gundersen.



[Gretzky - ein lovande hingst som eigarane vonar skal kunna brukast i avl på sikt.](#)

Det var sonen til stalleigaren, Magnus Teien, som var kusk i vinnarløpet. Magnus er berre 21 år og det er historisk at ein så ung kusk vinn dette løpet. VG Norsk Traverderby er eit løp som går ein gong i året på Bjerke. Etter kvalifisering fro to veker sidan var hingsten deira ein av 12 hestar i det prestisjefulle løpet. Av 700 fire årige hestar frå heile landet kjem berre 12 med i løpet.

Trude Helen og Thomas var forresten på ferie i Tyrkia og skulle heim i god tid til løpet. Flyet var kansellert og alt såg vonlaust ut. Til all lukke var det ein norsk flymekanikar på plassen og altfor seint kom dei seg til Oslo med landing kl. 05 sundag morgon. Alt kl. 09 var hesteeigarane på veg til Bjerke og nådde løpet.

Eigarane vil no drøfta kva dei skal bruka premien til. Draumen er at Gretzky BR skal bli godkjend som avlshingst og dermed vera med og sikra framtida med gode avkom.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Roger Svalsrød/ Eirik Stenshaug/ Med løyve frå Trude Helen Døssland



Familien Gundersen saman med Trude Helen og Thomas. F.v: Martin, Thomas, Magnus(kusk), Benedicte, Geir Vegard Gundersen (trener), Lotta, Trude Helen og sonen Boye.